



**UNDERHALDANDE:** Ebba Jacobsson (vokal), Jonas Åkerlund (strenginstrument) og Anette Thorsheim (toradar) i Tritulen imponerte publikum med varierte tonar og historieforteljingar attåt songane.

# Folkelege tonar på Sletta

**RADØY:** Dei som har øyre for god folkemusikk, burde fått med seg Tritulen sin konsert i emigrantkyrkja.

Av Ella Sandra Dahl Berland

De norsksvenske folkemusikkgruppa Tritulen skuffa ikkje då dei starta vinterturneen sin på Sletta søndag. Konserten var eit samarbeid mellom trioen og Vestnorsk utvandringssenter.

Ideen kom frå Tritulen sjølv, og den var ikkje dum. Publikum har storkost seg, og fleire av tilhøyrarane er sakkynndige, seier konferansier Jostein Skråmestø, og fortel at mellom anna folk frå Strilaringen var til stades.

## Vart imponert

Magni Sætre Oldervik og Karin Monstad var blant dei som lét seg imponera.

– Det var spennande å sjå det store samspelet og høyra korleis

artistane utfylte kvarandre. Me høyrde om konserten og at dei skulle spela mykje frå Ola Midtbø. Difor var me spente på kva dei hadde fått til, fortel dei.

Begge to er veldig glade i musikk.

– Eg likte ikkje folkemusikk noko særleg då eg var yngre, men no likar eg både folkemusikk, jazz, blues og musikk generelt seier Magni.

– Og det kan jo vera fint med ein Metallica- eller Dylan-låt av og til, legg venninna til.

## Interessant og variert

Karin fortel at det var kjekt å høyra varierte tonar, med gamalt og nytt.

– Dei inkluderte blåtonar òg. Det var litt uventa blant den lystige musikken, men veldig flott, smiler ho.

Vidare fortel venninnene at det var bra at artistane knytte historier til songane. På den måten vart det veldig interessant, meiner dei.

## Frå Masfjorden

Fleire av visene var etter Ole R. Midtbø frå Hosteland i Mas-

fjorden, som levde frå 1877 til 1950.

Anette Thorsheim fortel at mange viser og slåttar er teikna opp på notar etter han, og i 2009 gjekk dei djupare inn i noteboka hans.

Tritulen valde mellom anna ut nokre vers frå skapingsforteljinga og framførte ein forsvenska versjon av Midtbø sitt verk. I tillegg spelte dei ei åndeleg vise som handla om kor godt alt skal verta etter døden.

– Det har blitt skrive mange slike, og me må ha med ei av dei, seier Ebba.

## Lokale viser

Forutan å spela viser etter Ole Midtbø, spelte trioen ein springar etter Henrik Mjåtveit frå Meland, som utvandra til Amerika på 20-talet. Dei framførte òg ein reinlender og ein vals etter Karl Øvretveit frå Myking, soneson til Nils Mjåtveit, Henrik sin onkel. Også verk frå Andreas Olai Dahl Villanger var å høyra, pluss ei sjømannsvise av Victor Nilssen.

– Den finst i mange variantar, forklarar Jacobsson.

## Melodiøs gåve

Eit av dei musikalske stykka som trioen framførte, var i si tid ei gåve i ein 60-årsdag.

– Naboen min var landhandler og selde alle slags saker og ting i tillegg til mat. Han laga ofte loppemarknad og forsøkte å slutta å selja gamle saker. Men han slutta aldri å samla. Difor

laga eg «Landhandlaren vals» til han i staden for å gje han nok ein ting i gåve, seier Åkerlund.

Trioen avslutta den gledelege konserten med ei vise frå Jacobsen sine heimtrakter i Sverige, som ein hattemakar laga i 1901.

– Visa dukkar iblant opp også i Noreg, fortel Ebba.



**FORNØGDE:** Magni Sætre Oldervik og Karin Monstad var imponerte over graden av samspel og variasjon i framføringa og interessante historier i tillegg til musikk.